

Dato: 09.09.2015  
Arkiv: 049

**Kontrollutvalet**

**SAK 24/15 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE**

**Vedlegg:**

Møteprotokollen frå møtet den 26.05.2015.

**Forslag til vedtak:**

Møteprotokollen frå møtet den 26.05.2015 vert godkjent.

Jostein Støylen  
Dagleg leiar

Ida Birgitte Marholm  
Sekretær

# M Ø T E P R O T O K O L L

## for

### KONTROLLUTVALET I VÅGSØY KOMMUNE

---

MØTETID: 26. mai 2015 kl. 09.00 – 11.30

MØTESTAD: ASVO Måløy AS, Deknepollen

**MØTEDELTAKARAR:**

Kontrollutvalet: Jorunn Sandal, leiar  
Jetmund Nyvang, nestleiar. Ikkje i sak 11, 12 17 og delar av sak  
20

Inge Hammersvik, vara  
Karin Hestdal Silden, vara

Dessutan møtte:

Vågsøy kommune: Knut Ove Leite, rådmann  
Ellen Sølvberg, økonomikonsulent

Vest kontroll: Jostein Støylen, dagleg leiar  
Ida Birgitte Marholm, sekretær

Kommunerevisjonen  
i Nordfjord: Torill Monsen, revisor

Forfall: Sverre Solibakke  
Elsa Iversen  
Paul-Inge Angelshaug (Ikkje meldt avbud)

Møtet var leia av: Jorunn Sandal

## **SAKLISTE**

- SAK 11/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.  
MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 12/15 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 13/15 MØTEPROTOKOLLAR TIL GJENNOMGANG 2015
- SAK 14/15 MELDINGAR
- SAK 15/15 RAPPORT FRÅ ORIENTERINGSBESØK VED KULATOPPEN  
OMSORGSSENTER
- SAK 16/15 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2014
- SAK 17/15 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2014
- SAK 18/15 OPPLÆRING NYE KONTROLLUTVAL
- SAK 19/15 MØTEPLAN HAUST 2015
- SAK 20/15 ORIENTERING OM TSR 2015
- SAK 21/15 TILSYNSRAPPORT – FORVALTNINGSKOMPETANSE – AVGJERDER  
OM SÆRSKILT TILRETTELEGGING – BRYGGJA SKULE
- SAK 22/15 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON – ØKONOMISTYRING I  
VÅGSØY KOMMUNE

## **SAK 11/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN**

### **Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 17, 20 og 22 vert teken etter sak 11.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Inge Hammersvik.

## **SAK 12/15 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE**

### **Samrøystes vedtak**

Møteprotokollen frå møtet den 03.03.2015 vert godkjent.

## **SAK 13/15 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2015**

Møteprotokollar til gjennomgang:

Kommunestyret:	26.03, 07.05
Formannskapet:	26.02, 12.03, 23.04, 07.05
Helse og omsorgsutvalet:	09.03
Oppvekst og kulturutvalet:	10.03, 05.05
Råd for funksjonshemma:	09.03
Eldrerådet:	09.03
Valstyret:	12.03, 21.05
ASVO Måløy AS:	10.03.14, 08.05.14, 02.06.14, 08.09.14, 24.11.14, 16.03.15

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

## **SAK 14/15 MELDINGAR**

### **Vedlegg**

1. Det kongelige kommunal- og moderniseringsdepartement: «Spørsmål om innsyn i deleide selskaper i samband med selskapskontroll»
2. Orientering frå sekretariatet om komande spørjeundersøking vedkomande overordna analyse i forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for komande planperiode.

### **Samrøystes vedtak**

Meldingane vert tekne til orientering.

## **SAK 15/15 RAPPORT FRÅ ORIENTERINGSBESØK VED KULATOPPEN OMSORGSSENTER**

### **Vedlegg**

Rapport frå orienteringsbesøk ved Kulatoppen omsorgsenter

### **Saksopplysningar**

I samband med utvalet sitt møte den 03.03.2015 foretok kontrollutvalet eit orienteringsbesøk på Kulatoppen omsorgsenter. For meir og detaljert informasjon visast det til rapporten.

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek til vitende rapport frå orienteringsbesøk ved Kulatoppen omsorgsenter 03.03.2015.

## **SAK 16/15 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2014**

### **Vedlegg**

Frå revisjonen: Om revisjon av «årsoppgjøret» 2014 – finansiell revisjon. Dat 18.05.2015

### **Saksopplysningar**

I Kommunelova § 77 nr. 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet si oppgave er utdjupa i kontrollutvalsforskrifta § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt på sjå-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året.

Eg legg då inn kva som er/vil bli gjort i høve til anbefalingane i vegleiaren:  
(RF = Forskrift om revisjon og KF = Forskrift om kontrollutval)

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor RF § 11  
*Krava her er fulgt opp.*
2. Krav til vandel for oppdragsansvarleg RF § 12  
*Revisor har ikkje meldt noko uregelmessig.*
3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit. RF § 15  
*Revisor har levert skriftleg eigenvurdering for 2014.*
4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet. RF § 13 og § 14.  
*Så langt eg har kjennskap til revisor er han uavhengig.  
Det er ikkje grunn til å tru anna enn at revisor vurderer sin uavhengigheit fortløpande.*
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald

- Orienteringsbrev om kommunerevisjonen ligg føre. Jf. rundskriv av 12.12.2012.*
6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet  
*Gjeldande lov og forskrifter vorte lagt til grunn.  
Eigen avtale er ikkje laga enno, men vurderast utarbeidd.*
  7. Revisjonsstrategi.  
*Revisor har utarbeida revisjonsstrategi for 2014. Orientering i møte 09.09.14, sak 24/14*
  8. Nummerert brev. RF § 4  
*Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev i 2014.*
  9. Mislegheiter. RF § 3, RF § 4, KF § 8  
*Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i 2014.*
  10. Revisjonsmeldinga. RF § 5  
*Revisjonsmelding ligg føre. Den er datert 18.05.2015.*
  11. Revisor sin møteplikt og møterett. RF § 19, KF § 19.  
*Revisor har følgd sin møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.  
Revisor har brukt sin møterett i kontrollutvalet når han/ho har funne det nødvendig.*
  12. Revisor sin opplysningsplikt. RF § 20.  
*Eg har ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.*

Andre opplysningar:

Revisor har i revisjonsåret orientert kontrollutvalet om løpande revisjon, møte den 02.12.2014, sak 33/14.

Ved saka ligg også revisor sitt brev av 18.05.2015, Om revisjon av «årsoppgjøret» 2014 – finansiell revisjon.

Revisor gav ei munnleg oppsummering av revisjonsarbeidet for 2014.

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet har, ut frå gitte og kjende opplysningar, ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2014 for Vågsøy kommune.

## **SAK 17/15 KOMMUNEREKNESKAPEN M/ÅRSMELDING 2014**

### **Vedlegg**

- Kommunerekneskapen 2014 (Utsendt frå kommuneadm.)
- Årsmelding 2014 (Utsendt frå kommuneadm.)
- Revisjonsmelding 2014, dat. 18.05.2015

### **Saksopplysningar**

Det vert vist til revisjonsmeldinga. Driftsrekneskapen viser kr 306.637.475 til fordeling drift. Det kjem fram at rekneskapen av avslutta med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1.053.829.

### **Revisjonsmeldinga**

#### Utale om årsrekneskapen

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen:

- Å utarbeide rekneskap i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk
- Nødvendig intern kontroll for at rekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon korkje av misleghald eller annan feil

Revisor sine oppgåver og plikter:

- Skal uttale seg om årsrekneskapen på grunnlag av den revisjonen som er gjennomført.
- Rekneskapen er revidert i samsvar med god kommunal revisjonsskikk i Noreg, i dette International Standards on Auditing, som bl.a. krev at han lever opp til etiske krav samt planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre seg at den ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon
- For meir informasjon viser eg til punktet *Revisors oppgåver og plikter* i revisjonsmeldinga

Konklusjon:

- Rekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og gir i det alt vesentleg ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen pr. 31.12.2014. Resultatet for rekneskapsåret pr. denne dato er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

#### Revisor sin utale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett:

- Disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapet er det alt vesentleg i samsvar med budsjettvedtak
- Budsjettbeløpa i årsrekneskapet stemmer med regulert budsjett

Konklusjon om årsmelding:

- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter

Konklusjon om registrering og dokumentasjon:

- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk i Noreg

Andre tilhøve:

- Revisjonsmeldinga som revisor har gitt 18.05.2015 erstattar meldinga som vart gitt 15.04.2015. Dette då fullstendig årsrekneskap og årsmelding ikkje var utarbeida pr. 15.04.2015
- Kommunen har ikkje behandla skattetrekkmidlar i samsvar med skattebetalingslova § 5-12. Det var per 31.12.2014 ikkje nok midlar på konto til å betale 6. termin.

#### **Økonomisk og annan informasjon**

Her vert det vist til årsmelding og årsrekneskap for 2014, og særleg vert det vist til Rådmannen sine kommentarar og om Økonomi frå side 13.

Bl.a. skriv rådmannen:

«Kommunen er i en utfordrende økonomisk situasjon. Ser en fremover i tid står kommunen overfor store utfordringer med prognose om reduserte frie inntekter, økning i

pensjonsutgifter, implementering av konsekvensene av samhandlingsreformen og stort etterslep på vedlikehold av kommunens bygningsmasse. Kommunen har planlagt store investeringsprosjekt som vil øke kostnadene til renter og avdrag.»

Vidare kommenterer rådmannen økonomisk drift, utfordringer, utvikling og sjukefråvære, jf. side 4 og 5.

Under økonomisk drift peikar rådmannen på:

- Det må skapast grunnlag for eit budsjett i langsiktig balanse slik at kommunen får handlingsrom for val og prioriteringar
- Alle muligheiter må vurderast for å auke kommunen sine inntekter
- Vurdere alle tiltak som gir effektivisering og langsiktige gevinstar
- Tilbodskonkurransen er lyst ut for rehabilitering/nybygg ungdomsskule
- Det er svært små reserver i form av ubundne driftsfond. Såleis liten buffer for å møte utfordringane i åra framover.
- Kommunen har høg gjeld
- Ingen større midlar i balansen som gir avkastning
- Etterslep på vedlikehold av kommunale vegar og bygningsmasse
- Høg risiko for uttak av AFP for tilsette i alderen 62-65

Av utfordringer nemner rådmannen spesielt utviklinga av folketalet.

Det er heller ikkje gunstig utvikling i høve til rekruttering.

Han summer opp slik:

«Vågsøy kommune har i sammenligning med andre kommuner høyre utgifter knyttet til fleire tjenester. Det vil være av vesentlig betydning for den framtidige utviklingen at kommunene evner å ta tak i strukturendringer og gjøre prioriteringar som gir langsiktige gevinster. I tillegg vil kommuneøkonomien i sterk grad påvirkes av utvikling av folketall, rentenivå, lønsvekst og pensjonskostnader.»

Frå side 12 er økonomi særleg omtala.

Oppsummering for økonomi seier:

«Det har gjennom 2014 vært utvist god økonomistyring i tjenesteområdene. Regnskapet viser et positivt netto driftsresultat på 11,3 mnok, som utgjør 2,5% av driftsinntektene. I henhold til budsjett er det satt av 5,01 mnok til ubundet driftsfond «Disposisjonsfondet». Samlet viser regnskapet et regnskapsmessig mindreforbruk på 1,05 mnok. Vågsøy kommune har da ved utgangen av 2014 ubundne driftsfond tilsvarende 6,06 mnok.

Utgiftsveksten har i perioden 2005-2013 vært sterkere enn inntektsveksten. I 2014 er tilsynlatende utgiftsveksten noe lavere enn inntektsveksten, men dette er sterkt påvirket av et positivt netto premieavvik i 2014 på 14,5 mnok. Hovedårsaken til det positive premieavviket er at det i regnskapet for 2013 ble hentet ut 10,24 mnok fra premiefondet pensjon.

I regnskapet for 2014 er det brukt 2,1 mnok fra premiefondet pensjon. Netto pensjonsutgifter i regnskapsåret ble ikke påvirket av bruk av premiefond da årets premieavvik blir redusert med tilsvarende beløp.

I justert budsjett for 2014 var det forutsatt opptak av lån til investering med 27,25 mnok. Låneopptak var planlagt gjort høsten 2014. Da det gjennom en kofa-sak høsten 2014 ble klarlagt krav om at låneopptak skal ut på anbud i hele EØS området ble prosessen med låneopptak tidkrevende. Opptak av vedtatt lån for 2014 tas derfor opp først i 2015. Av denne grunn viser investeringsregnskapet i 2014 underfinansiering på 19,99 mnok.



Kommunen har middels renterisiko som følge av at om lag en tredel av lånene er direkte eksponert for rentesvingninger.

Rommet som skapes ved lav rente de senere år er ikke blitt brukt til å øke nedbetaling av gjeld.

Kommunen har forholdsvis lav plasseringsrisiko på likvide midler»

Utdrag frå driftsrekneskapen fylgjer side 14. Der finn ein rekneskap mot opprinneleg budsjett og justert budsjett.

Så fylgjer informative tabellar og diagram for driftsrekneskapen.

Frå side 27 finn ein sjølvve rekneskapen med obligatoriske oversikter, skjema og notar. Viser spesielt til rekneskapskjema 2B Investering.

For vidare informasjon vert det vist til dokumentet.

Rådmannen har utarbeidd ei grei, oversiktleg og informativ årsmelding med rekneskap for 2014.

### **Samrøystes uttale**

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2014 datert 18.05.2015.
2. Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen for Vågsøy kommune for rekneskapsåret 2014, som består av balanse pr. 31.12.2014, driftsrekneskap som viser kr 306.637.475 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1.053.829, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter for rekneskapsåret, og ei utgreiing av vesentlege brukte rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar, **kan godkjennast.**

## **SAK 18/15 OPPLÆRING NYE KONTROLLUTVAL**

### **Saksopplysningar**

Når nytt kontrollutval trer i kraft utpå hausten kjem spørsmålet om opplæring opp.

Vi tek ein diskusjon i kontrollutvalet om korleis ein best og billegast kan få til god opplæring for det nye kontrollutvalet.

Stikkord:

- Fellesopplæring med andre kontrollutval i sekretariatsdistriktet
- Fellesopplæring med andre kontrollutval i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane
- Individuell opplæring for kvart kontrollutval
- Sentral opplæring på landsplan

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet meiner at opplæring i tråd med kulepunkt 1 og 3 er mest teneleg.

## **SAK 19/15 MØTEPLAN HAUST 2015**

### **Saksopplysningar**

Det er nyval til hausten. Etter lovverket skal kontrollutvalet veljast på konstituerande kommunestyremøte etter val av formannskap. Ut frå dette det greitt å få planlagt møte hausten 2015, både for noverande kontrollutval og for det nye.

Vi har fått oppgitt at konstituerande kommunestyremøte vert 24. september.

### **Samrøystes vedtak**

Siste møte for noverande kontrollutval vert den 22.09.2015, kl. 09.00.

Første møte for det nye kontrollutvalet vert den 27.10.2015. kl. 09.00.

## **SAK 20/15 ORIENTERING OM TSR 2015**

### **Saksopplysningar**

Rådmannen gav ei enkel orientering vedkomande Cruising company Måløy AS 2015.

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen til vitende.

## **SAK 21/15 TILSYNSRAPPORT – FORVALTNINGSKOMPETANSE – AVGJERDER OM SÆRSKILT TILRETTELEGGING – BRYGGJA SKULE**

### **Vedlegg:**

Rapport frå tilsyn om forvaltningskompetanse – Bryggja skule

### **Saksopplysningar:**

Temaet for tilsynet er skulen sin forvaltningskompetanse (saksbehandling) i avgjerder om særskilt tilrettelegging av opplæringa.

Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter utløp av rettefristen i denne tilsynsrapporten:

### *Generelle saksbehandlingsreglar for enkeltvedtak*

1. Vågsøy kommune må syte for at saksbehandlinga ved Bryggja skule oppfyller krava i forvaltningslova til førehandsvarsel, jf. forvaltningslova § 16.

Vågsøy kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Skulen varslar elevar og foreldre før det blir gjort enkeltvedtak om avvik frå det ordinære opplæringstilbodet.
- b. Førehandsvarslet gjer greie for kva saka gjeld.
- c. Førehandsvarslet inneheld opplysningar om kva føresegner i lova vedtaket byggjer på og kva forhold rundt eleven sin skulesituasjon som er grunnlaget for vedtaket.

2. Vågsøy kommune må syte for at saksbehandlninga ved Bryggja skule oppfyller krava til enkeltvedtak i forvaltningslova, jf. forvaltningslova § 27.

Vågsøy kommune må i samband med dette sjå til at:

- Enkeltvedtaket (eller orienteringa om enkeltvedtaket) inneheld informasjon om retten etter forvaltningslova til å sjå saksdokumentena.

#### *Enkeltvedtak om spesialundervisning*

3. Vågsøy kommune må syte for at Bryggja skule ved behov for spesialundervisning oppfyller opplæringslova §§ 5-3 og 5-4, jf. forvaltningslova § 2 og kapittel IV og V.

Vågsøy kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Skulen gjev eleven/foreldra reell moglegheit til å uttale seg om innhaldet i den sakkunnige vurderinga før enkeltvedtaket blir gjort.
- b. Enkeltvedtaket inneheld opplysningar om
  - o fag/område og om eventuelle avvik frå LK06 i spesialundervisninga

#### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek tilsynsrapporten til vitende.

### **SAK 22/15 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON – ØKONOMISTYRING I VÅGSØY KOMMUNE**

Rådmannen var tilstades og orienterte utover den skriftlege tilbakemeldinga.

#### **Vedlegg**

Forvaltningsrevisjonsrapport – Økonomistyring i Vågsøy kommune

#### **Saksopplysningar**

Kommunestyret gjorde i sak PS 53/14 slikt vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet økonomistyring i Vågsøy kommune.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar, jf. rapporten side 4 og pkt. 3 side 23, skal fylgjast/utførast.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane og evt. vidare framdrift til kontrollutvalet innan 01.02.2015.

#### **Revisor si anbefaling**

Rapporten del 3. Side 23

- For å redusere antal feilføringar i rekneskapet vil vi anbefale at det vurderast:
  - o å låse momskodene for dei kontoane som berre skal registrerast på med ei bestemt momskode
  - o å organisere ei repeterande opplæring ved oppstart av nye system
  - o ved den enkelte avdeling i samråd med økonomiavdelinga, om nye tilsette får nødvendig opplæring i aktuelle økonomirutinar

- Administrasjonen bør legge fram alternative forslag til tiltak når dei meiner at budsjettet ikkje lenger strekk til
- Økonomireglementet pkt. 2.3 disposisjonsfullmakter i budsjettsaker bør endrast til ordlyden i budsjettforskrifta § 10: .... legg administrasjonssjefen fram forslag til tiltak
- Det bør i økonomimeldingar, kor ein har innarbeidd enkeltstående formannskaps- eller kommunestyresaker med økonomisk konsekvens, vere referert til dei sakene dette gjeld
- Når det gjeld periodisk rapportering pkt. 6.1 i økonomireglementet, bør det i reglementet settast fristar for når administrasjonen skal rapportere i staden for å sette fristar for kommunestyret si behandling
- Reglementet bør oppdaterast med jamne mellomrom og justerast der ein ser at krava som er stilt ikkje kan følgjast i praksis, f.eks. dato for behandling av økonomimeldingane i økonomireglementet

### **Rådmannen si tilbakemelding**

«Grunnet bemanningen i økonomiavdelingen har vert vanskelig i hele 2014, er en noe på helene i forhold til oppdatering av økonomireglementet.

Når det gjelder påpekte om at frist for økonomirapportering bør legges også på tjenesteleddene og ikke bare på når kommunestyrebehandling skal skje, har områdene sin frist innarbeida i det administrative årshjulet med tanke på å nå fastlagde kommunestyremøter.

Vi har utarbeida administrativt delegasjonsreglement som er presentert i kommunestyret sak 8/15 der de ulike ansvarsforhold mellom nivå er avklart.

Når det gjelder nødvendig opplæring ligger det til tjenestelederne å melde fra om nyansatte eller anna opplæringsbehov og opplæring blir gitt.

Når det gjeld avsluttande prosjektrekneskap, vil vi søke å følge dette opp i forbindelse med at rekneskapen vert avslutta.

Mvh Knut Ove Leite  
Rådmann»

### **Samrøystes vedtak**

1. Kontrollutvalet tek den skriftlege og munnlege orienteringa frå rådmannen til vitende.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen følgje vidare opp revisor sine anbefalingar, jf. kommunestyresak 53/14.

### **MÅLØY ASVO AS**

Dagleg leiar Betty Hessevik orienterte om ASVO Måløy AS og deira arbeid. Kontrollutvalet fekk også omvisning.

**Møtet slutt.**

Jorunn Sandal

Inge Hammersvik

**Møteprotokollen går til: Kommunestyret som melding  
Kontrollutvalet til godkjenning i neste møte**